

## SAK 04/08, VEDLEGG 1

**Knut Arne Gurigard**

---

**Fra:** Knut Arne Gurigard  
**Sendt:** 9. januar 2008 21:03  
**Til:** Erik Kaupang; Gerd Eli Berge; Oddvar Grøthe; Olaug Grønseth Granli; 'Tor Egil Buøen'; Torleif Dalseide  
**Kopi:** Terje Moen (terje.moen@bfk.no); Ola Frogner; Vidar Seterstøen; Liv Juchelka; Reidun Aaker; Fred Arne Kramer; Gabriel Johannessen; Hege Mørk; Lars Ole Skogen; Odd Egil Stavn; Trond Kleppen  
**Emne:** VS: Småsamfunnssatsinga 2008  
**Vedlegg:** 20080102144538768.pdf

Hei

Vedlagt KRD sin invitasjon til å søke om "småsamfunns-midler" for 2008

I 2006 fekk Flå kommune tilsagn om kr 400.000 til forprosjektet for "Gulsvik - fra fjord til fjell". I 2007 var det ingen søknad frå Hallingdal, einaste frå Buskerud var 1 mill kr til "Sevletunet" i Nore/Uvdal.

Etter mitt syn kan det vera fleire aktuelle prosjekt både lokalt og regionalt.

For å sjå "gode" prosjekt, ta ein kikk på:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/tema/Regional- og distriktpolitikk/smasamfunn.html?id=435287>

Og

<http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Vedlegg/REGA/oversikt.pdf>

Ber om engasjement og gode forslag. I fyrste omgang bør dette vera ei drøftingssak 1.februar.

Knut Arne



**DET KONGELIGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**

Buskerud fylkeskommune  
Fylkeshuset  
Haugesgate 89  
3020 DRAMMEN

Buskerud fylkeskommune Sentraladministrasjon	
27 DES 2007	
Arkivsaknr.: 03/2721	Dok.nr.: 120
Ark.kode: 143.300	
Sansv.: <i>Det. ord.</i>	
S.beh.: <i>John F. Wallace</i>	
Gradering:	

Deres ref

Vår ref  
07/2773-2 JKO

Dato  
27 DES 2007

### Småsamfunnssatsinga 2008 - invitasjon til å kome med innspel til nye, regionale prosjekt

Vi viser til tidligare kontakt og dialog om den nasjonale småsamfunnssatsinga, m.a. konferansen som KRD arrangerte i Kristiansund i oktober 2007.

Det er no klart for ei ny utlysing av nasjonale midlar innanfor småsamfunnssatsinga. Som tidligare år ønskjer vi å få innspel på gode regionale og lokale prosjekt som kan eigne seg som nasjonale småsamfunnsprosjekt. Det er eit sentralt prinsipp i det distriktspolitiske arbeidet å løfte fram, støtte opp om og vidareutvikle det lokale engasjementet og den krafta som finst i mange lokalsamfunn. Fylkeskommunane vert med dette inviterte til å kome med forslag til prosjekt som kan vere ein del av den nasjonale småsamfunnssatsinga.

Det er nokre endringar i dei føringane som vert gjevne for satsinga i 2008. Den nasjonale småsamfunnssatsinga er fireårig, og skal gå i heile stortingsperioden fram til og med 2009. Vi er no halvvegs, og har so langt sett i gang 38 spennande prosjekt. I tida framover vil oppfølging av eksisterande prosjekt vektleggast sterkare, både via departementet og via følgjeevalueringa som Norsk senter for Bygdeforskning står for.

Totalt er det sett av 34 mill kr. til den nasjonale småsamfunnssatsinga i 2008.

På bakgrunn av at småsamfunnssatsinga no er halvveges, vil vi rå til at dei prosjekta som vert fremja i 2008 alt er godt forankra i lokale og regionale strategiar. Vår erfaring er at det tek lang tid med planlegging og forankring før ein er klar til å gjennomføre prosjektet. Med tanke på den relativt korte tidshorizonten den nasjonale småsamfunnssatsinga no har, vil ikkje prosjekt som er heilt i planleggingsfasen kunne

gjere nytte av det nettverket og den oppfølging som prosjekt som er meir klare til gjennomføring er. Vi inviterer fylkeskommunane til å fremje 1-2 prosjekt kvar.

Småsamfunnssatsinga skal ha sitt nedslagsfelt i område med lange avstandar til regionale sentra, nedgang i folketallet og ein sårbar næringsstruktur. Departementet ønskjer ikkje å utpeike dei konkrete områda som kan falle inn under ein slik definisjon. Fylkeskommunane må i samarbeid med kommunane sjølve vurdere kva område som kan være aktuelle.

Småsamfunnssatsinga skal i første rekkje målrette sin innsats mot gode tenester og velferdstilbod, og tiltak for å fremje attraktive stadar og næringsutvikling. Av erfaringane frå tidligare innspel til den nasjonale småsamfunnssatsinga ser vi at det er stor overlapp mellom ulike, aktuelle tema innanfor småsamfunnssatsinga. Dette gjeld m.a. prosjekt innanfor fjellpolitikk, kultur og næring, ungdomssatsingar, attraktive stadar.


Departementet vil på grunnlag av innsende framlegg frå fylkeskommunane sette saman ei mest mogleg heilskapleg prosjektportefølje, der prosjekt som har relevante fellestrekk, vert kopla saman for læring og erfaringsutveksling.

Om det er nokre av dei prosjekta som alt er sette i gang som ikkje er fullfinansierte, kan fylkeskommunane vurdere om dei vil fremje dei på nytt, for å sikre full finansiering og ferdigstilling. Dette kan vere prosjekt som fram til no har fått stønad til forprosjekt, eller prosjekt som har utvikla seg i ei retning som krev ytterlegare finansiering til andre/nye aktivitetar.

Frist for å komme med innspel er ~~1. mars~~

Om de har spørsmål eller kommentarar til dette brevet eller småsamfunnssatsinga elles, kan de ta kontakt med Halvard Læg Reid 22 24 70 51. eller Judith Kortgård, 22 24 70 35 eller til forværelset telefon 22 24 70 01. Vi kan og kontaktast via e-post, [judith.kortgard@krd.dep.no](mailto:judith.kortgard@krd.dep.no)/ [halvard.lagreid@krd.dep.no](mailto:halvard.lagreid@krd.dep.no)

Med helsing

  
Gerd N. Slinning e.f.  
avdelingsdirektør

  
Judith Kortgård  
seniorrådgjevar

**Likelydende brev sendt til:**

Aust-Agder fylkeskommune  
Buskerud fylkeskommune  
Finnmark fylkeskommune  
Hedmark fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylke  
Nordland fylkeskommune  
Nord-Trøndelag fylkeskommune  
Oppland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune